



## Saksframlegg

| Saknr. | Utval                       | Møtedato   |
|--------|-----------------------------|------------|
| 28/26  | Ungdommen sitt kommunestyre | 15.06.2026 |
| 38/26  | Ungdommen sitt kommunestyre | 11.09.2026 |

## Drøfting av lokalt transporttilbod for ungdom, ungdomstaxi

### Tilråding:

UK drøftar saka i møtet.

### Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

### Handsaming:

Uk drøfta saka. Det er ønskeleg å få til ei digital bestillingssystem, der ein kan sjå om det allereie er ei bestilling som ligg inne, som det går an å koble seg på. Anonym visning. Døme, om det går an for ein frå Fortun som ynskjer å reise på skisenteret å bestille og legge inn tidspunkt, så kan ein på Nes sjå at det ligg ein bestilling inne og melde seg på. Alternativ til nettside, at drosjen tek imot bestilling frå ein, og ser om andre bestillingar kan koblast saman. Då får drosjen litt administrering med bestillinga. Uk ynskjer å invitere drosjenæringa til møte og drøfte saka med dei.

### UK - 28/26 vedtak

UK arbeider vidare med saka og inviterer drosjenæringa til neste møte, når møtedatoen er fastsett.

### Fakta

Sist møte fekk UK følgjande utfordring frå observatør i UK, Jonatan Hurthi:

**«Er det mogleg å få til ei løysing med lokalt transporttilbod for ungdom (eller Luster ungdomstaxi) slik at fleire kan reise i same turen utan at dei veit om kvarandre i utgangspunktet?»**

Reglane er slik at dei må vere minimum 2 passasjerar på turen for å bruke Luster ungdomstaxi.

Administrasjonen har sendt førespurnad til Taxiservice om dei har innspel til ungdommen sitt kommunestyre på korleis dette kan løysast?

Taxiservice har sendt denne tilbakemeldinga:

Det blir samkøyring viss det er fleire som bestiller frå same arrangement uavhengig om dei bestiller kvar for seg eller samla.

UK har vedteke retningslinene for ordninga: [Transporttilbod for ungdom - Luster kommune](#)

Det vert søkt midlar hjå fylkeskommunen.

I referatsak 5/26 til dette møtet ligg svar på siste søknad, der det er innvilga løyving for i år, og der vilkår for løyvinga også kjem fram.